



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mai 2008.

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Årgang 43

<http://www.hareid.rotary.no>



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Åge Nytun  
Visepres: Johan Ole Brandal  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Hans Gisle Holstad  
Styremedlem: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv.red.: Oddvar Haugen  
Referent: Ingar Bigset

---

## Fødselsdagar i mai.

Johan Ole Brandal	23. Mai
Liv Hilde Jøssok	15. Mai
Hans Otto Riise	27. Mai

100 % frammøte i mai.

Frammøteprosent i mai.

---

---

Vi prisar våren

No livnar det i lundar,

No lauvast det i li.

Den heile skapning stundar,

no fram til sumars tid.

Du vår med ljose dagar

med lengting liv og song.

Du spår at gud oss lagar,

ein betre vår ein gong.

---

## Møte 5. mai - Egoforedrag

**President Åge** ynskte alle vel møtt før songen, ”Alle fuglar” ljoma i møteromet.

Etter litt informasjon og med referat frå månadsbrevet var det klart for kveldens program, som var egoforedrag av **Karin Svendsen Holstad.**



Karin som er fødd og oppvaksen på Ulstein er i dag ein god ”hareidsdøl”, er gift med Ingvar Holstad og har tre døtre. Dei har sin buplass i Geilefeltet.

På Ulstein vaks ho opp ho opp i eit ”gutamiljø” og vart godt kjend med livet på sjøen og i fjella rundt.

Karin har gått gradene med alt frå skular, praktisk, frivillig og organisert arbeid. Ho er i dag drivar av Statoilstasjonen på Hareid.

I travle døgn får ho og tid til turar i fjell og fjøre pluss ein del hobbyar.

Karin er ei aktiv dame med mange jarn i elden og ho har nok ikkje vanskar med å fylle døgna slik som dette foredraget gav inntrykk av -- levande og innhaldsrikt.

## Møte 19. mai – Omvising på Island Constructor

Denne måndagen var klubben så heldige å få omvisning på det stolte X-bow skipet ”Island Constructor” som Island Offshore snart skal overta, og som er det største i sitt slag med sine ca. 120 meter i lengde og 25 meter i bredde.

Prosjektleder Runar Muren gav seg god tid til å vise oss det meste av skipet og gav grundig informasjon om selskapets stoltheit til den nette sum av ca. ein milliard og som blir verdsløiande innan brønnvedlikehald.



Med eit styrehus på 380 kvadratmeter seier det litt om korleis resten av skipet var utforma og utrusta.

Mange lokale underentreprenørar har også fått oppdrag på dette store prosjektet.

Minimalistisk innreining og utsmykka med mykje lokal kunst.

Runar gav også ros til den nye store dokkhallen for kvaliteten på arbeidet og då ikkje minst malingsarbeidet.



Dette skipet skal kunne utføre brønnvedlikehald og brønnstimulering som normalt blir utført av riggar og rederiet blir med dette godt framme i eit elles tøft offshoremeknad.

President Åge overrekte blomster som takk.

## Møte 26. mai - Programfritt

Div. informasjon frå president Åge – vidare kaffi og prat rundt borda.